



HØYANGERSKULEN 1-13



SLUTTRAPPORT

Samarbeid i grunnopplæringa

Modell for utvida samarbeid mellom Høyanger vidaregåande skule og Høyanger kommune

Vi ønskjer gjennom samarbeidet å auke og sikre kvaliteten i læringsarbeidet gjennom heile grunnopplæringa for å gi elevane best mogeleg fagleg og sosial kompetanse, og at dette samarbeidet skal bidra til å minske fråfallet frå vidaregåande skule.

Samarbeid i grunnpoplæringa

Berekraftig modell for utvida samarbeid og saumlaus drift mellom Høyanger vidaregåande skule og Høyanger kommune

Mål:

- Auke og sikre kvaliteten i læringsarbeidet gjennom heile grunnpoplæringa for å gi elevane best mogeleg fagleg og sosial kompetanse.
- Kvalitet på målbare resultat i opplæringa 1 - 13
 - Læringsresultat
 - Auka gjennomføring vgs
- Samfunnsøkonomiske synergieffektar av samarbeidet
 - Økonomisk innsparing ved sambruk og samarbeid
 - Trivsel og velferd for elevane si framtid
- Vidareføre samarbeidet om Vurdering for læring

Visjon frå VfL-samarbeidet:

Alle skal lukkast -

Kvar elev skal bli den beste utgåva av seg sjølv



Røynsler frå prosjektperioden

Fase 1:

Driftsfase prosjekt 2014 - 2018 Høyangerskulen 1 - 13



- Felles planlegging av skuleåret for å legge til rette for møtepunkt
- Etablere eit system for fagleg samarbeid for å sikre gode overgangar. Gjennomgåande læreplanar.
- Etablere ei samanhengande rådgjevingsteneste
- Betre utnytting av ledige rom - Faget utdanningsval og enkelte valfagstilbod vert lagt til Høyanger VGS
- Alle 10. klassingar ved Høyanger skule skal ha delar av undervisinga i fellesfaga på Høyanger VGS.
- Vidareutvikle systemretta arbeid mellom PPT og skulane.

Fagseksjonsarbeid 8 - 13 er i god gjenge. Fagseksjonsarbeid 1 - 7 er starta og vil halde fram med fagleg utveksling, felles fagdagar og drøfting av tema som vert prioriterte i tillegg til faga (t.d. Vurderingsløypa, Bruk av digitale verktøy, Bruk av resultat frå kartleggingar m.m.). Felles fagdag torsdag 16.08.2018 for alle pedagogar og assistentar grunnskular og vgs, tema: Relasjonskompetanse/ Klasseleing

Basisteam samansett av faste medlemmer: rådgjevar Høyanger skule, Lavik skule, Bjordal skule og Høyanger vgs, helsesøster, PPT og rektorane frå Høyanger skule og Høyanger vgs. Frå skuleåret 2017 - 2018 har vi med miljøkoordinatorane frå begge skulane. I tillegg har vi invitert inn barnevern og NAV- ungdomskontakt. Målsetting er å fremje gode læringsmiljø 1 - 13, prioritere tidleg innsats og tilpassa opplæring og å prioritere arbeid med psykisk helse 0 - 13 ved opplæring av alle tilsette i barnehagar og skular.

Viser også til Rapport til Udir 28.01.2016.



Fagseksjonsarbeid 8 - 13 har gjeve fagleg utvikling og eit profesjonsfellesskap. Gode tilbakemeldingar frå lærarar og skuleleiing.

Undervisning på tvers av skulane gjev læring og utvikling for elevar og lærarar. Det gjev også økonomisk vinst for kommune/ fylkeskommune.

Basisteam - sjå side 1.

Fase 1 vert avslutta våren 2018, og vi held fram med etablert samarbeid. Høyangerskulen 1 - 13/ 8 - 13 går etter kvart inn i Fase 2.

Røynsler frå elevar:

Evaluering av skuleåret 2017 - 2018 elevar 10. klasse, svar :

1. Kjønn

[Fleire detaljar](#)

 Gut	17
 Jente	21



2. Opplever du at dine faglege prestasjonar dette året har vore påverka av å ha klasserom på HVGS?

[Fleire detaljar](#)

 Dårligare	1
 Bette	23
 Uendra	7
 Veit ikkje	7




3. Kommentar, døme:

Forandring av miljø. Får meir friheit. Karakterane har stige, har trivst godt på HVGS. Luftkvalitet og klasserom er betre. Mykje meir plass, betre luft og meir lys. Kan klare å ha ein presentasjon utan manus no. Meir motivasjon, meir fridom, får meir energi. Eg likar at vi går på skule på HVGS.

4. Opplever du at trivselen DIN på skulen dette skuleåret har vore påverka av å ha klasserom på HVGS?

[Fleire detaljar](#)

 Dårligare	0
 Bette	31
 Uendra	4
 Veit ikkje	3



6. Opplever du at miljøet og trivselen i KLASSEN dette året har vore påverka av å ha klasserom på HVGS?

[Fleire detaljar](#)

 Dårligare	0
 Bette	21
 Uendra	8
 Veit ikkje	9



7. Kommenterar, døme:

Vi er blitt meir samla og vi har kantine. Trivselen kan ha blitt endra i klassen av å ha vore på HVGS for vi er meir samla i nokre av friminutta. Faktisk, men anar ikkje kvifor. Folk trivst betre enn elles., alle er meir samla.

8. Opplever du at du har blitt tatt godt i mot på HVGS av vg-elevane?

[Fleire detaljar](#)

● Lite	10
● Noko	14
● Veldig	8
● Veit ikkje	6



9. Kommenterar, døme:

Dei er ikkje kjempeinnbydande. Men eg har kontakt med nokre frå før så då kan eg snakke med dei. Det er meir at vi må ta initiativ sjølve. Jada, ikkje noko gale der, men vi forventa ikkje at dei har velkomstfest for oss liksom. Dei likar ikkje 02-kullet.

10. Opplever du at du har blitt tatt godt i mot av dei tilsette ved HVGS?

[Fleire detaljar](#)

● Lite	1
● Noko	10
● Veldig	23
● Veit ikkje	4



11. Kommenterar, døme:

Blitt tatt i mot, ja, føler ikkje noko spesielt på om ein ikkje blir det. Har ikkje følt meg uvelkommen. Men om vi hadde blitt tekne meir med på ting/ fått generell informasjon hadde det vore betre. Føler at lærarane forventar det same av oss som av elevar HVGS. Dei er veldig hyggelege.

12. Har året på Høyanger vgs verka inn på ditt val av programområde og skule for neste skuleår?

[Fleire detaljar](#)

● Lite	14
● Noko	11
● Veldig	6
● Veit ikkje	7



13. Kommenterar, døme:

Nei, har alltid visst kvar eg ville gå. Manglar linja eg vil gå på. Får innblikk i korleis det er å gå på VGS. Kjent med lærarar/ elevar/ miljøet. Positivt overraska.

14. Trur du dette året på Høyanger vgs vil gjere overgangen til vidaregåande skule lettare?

[Fleire detaljar](#)

● Lite	2
● Noko	19
● Veldig	13
● Veit ikkje	4




Evaluering av skuleåret 2017 - 2018 elevar VG 1, 15 gutar og 20 jenter, svar :

1. Sosialt: har overgangen vore

[Flere detaljar](#)

● lettare enn forventa	19
● vanskelegare enn forventa	2
● som forventa	14



2. Fagleg: har nivået vore

[Flere detaljar](#)

● lettare enn forventa	4
● vanskelegare enn forventa	8
● som forventa	23



3. Kommenterar, døme:

Veldig mykje lettare å starte på vidaregåande ettersom vi gjekk på denne skulen i 10.klasse - kjende med bygget, folka og lærarane. Veldig nøgd! Har ikkje merka forskjell. Overgangen var som forventa. Mykje strengare med faga her meiner eg. Nokre lærarar fokuserer for mykje på urelevante ting som ikkje faget skal gå ut på, for eksempel skrivefeil når ein skal fokusere på innhaldet. Kjempegøy og lærerikt. Eg føler at vi har gått gjennom alt veldig raskt - skulle ha teke kvart kapittel grundigare. Det har vore vanskeleg å kome sosialt inn i skulen fordi venner du har vore med på ungdomsskulen ikkje går på same skule.

Framover

Mellomfase 2018:

Etablere interimstyre: 2 frå kommunen, 2 frå fylkeskommunen, 2 frå næringslivet/ HNU + prosjektleiar Harald Husabø.

Finansiering: HNU ser på finansiering for mellomfasen/ Interimstyret m/ prosjektleiar. Fase 2: 50/ 50 kommune og fylkeskommune (sak for interimstyret).

Utvikle modell for nytt prosjekt Høyangerskulen 1 - 13 saman med lokalt næringsliv.

Mål:

- Elevane i Høyanger kommune skal få best mogeleg opplæring, og opplæringa skal sjåast i eit perspektiv 6 - 24 år. Dette krev samarbeid mellom etatar og lokalt næringsliv.
- Avslutte Fase 1, Høyangerskulen 1 - 13/ 8 - 13.
- Utvikle Reodorgarasjen,
 - Planlegge besøk til teknologiparken i Årdal og planlegge saman med lokalt næringsliv i Høyanger
 - Nytt namn: «Ambulansegarasjen»? (skil oss litt frå Reodorklubben i Førde)
 - Interimstyret inviterer til møte med lokalt næringsliv for å informere om Høyangerskulen 1 - 13 og Reodorgarasjen iht. Plan, veke 14.

Fase 2:

Ny prosjektfase 1 - 13 2018 - 2020. Reodorgarasjen.

Basisteam, fagseksjonar/ -samarbeid, utveksling av lærarar, 10.klassane frå Høyanger skule stasjonerte på HVGS er godt innarbeidd og vil halde fram.

FAGSEKSJONAR 8 - 13 SKULEÅRET 2017/18:

Engelsk

Høyanger skule: Asbjørn Sagen og Jarl Ulvestad
Høyanger vgs: Erlend Skreien, **Eva Fredriksen** og Vidar Nygard

Norsk

Høyanger skule: Randi Sviggum Håre, Ingunn Balevik, Torunn Indreeide, Tommy Johansen, Gudrun Kjartansdottir, Helen Måredal, Erik Veum
Høyanger vgs: **Hege Rusti**, Elin Chelighem, Steinar Gjerde
Høyanger norsksenter: Anita Dåvøy Forfod

Matematikk

Frå Høyanger skule: **Else Britt Nese**, Ove Olsen, Trond Hatlenes, Monica Gjerde, Anlaug Fjelde Moen, Ann-Mari Astad Ytredal, Ole-Morten Senneset og Amar Jdaini
Frå Høyanger vgs: Kjell Erik Olsen og Lidvar Berge

FAGSEKSJONAR 1 - 7 SKULEÅRET 2017/ 2018 OG FRAMOVER:

Norsk Målfrid Førde leier førebels gruppa. Alle skulane deltek.

Matematikk Laila Røkenes leier førebels gruppa. Alle skulane deltek.

Det er under drøfting kva tema som skal vere prioriterte for samarbeidet 1 - 7; Norsk/ Matematikk/ Engelsk, vurderingsløypa - «Vurdering for meistring», digitale verktøy m.m.

Medlemmene i faggruppene/ fagseksjonane er bindeledd mellom fagarbeidet i personalet på skulen og arbeidet i faggruppa. Alle lærarar deltek i ein av fagseksjonane. Slik kan arbeidet med gjennomgåande læreplanar og kompetansemål i større grad styre undervisninga på skulane og i alle klasserom.

Milepelsplan.

Skuleåret 2016 - 2017:

Vi fylgjer møteplan over.

August/ september 2016: Tilbakemelding etter kartleggingsprøver VG1 til grunnskulane v/ Astrid Andersen.

September 2016: Oppstart av Basisteam

Fagseksjonane er etablert pr. september 2016. møte 12.09., 15.11., 27.01.17, 10.03., 07.04.17.

Prosjektleiargruppe etablert september 2016.

Felles fagdag grunnskule måndag 21.11.2016: (HAFS)

Felles utviklingsplan for HVGS og Høyanger skule februar 2017.

Fagseksjonane melder inn tema/behov for planleggingsdagar for skuleåret 2017/18 innan mars 2017.

Evaluering av forsøk med 10. klassane for skuleåret 2016/17 i løpet av april 2017.

Årsmelding frå fagseksjonane innan medio mai 2017.

Overførings- og erfaringsmøte mellom utgåande og innkomande 10. klassar før skuleåret 2016/17.

02.06.17: Møte Styringsgruppa, Prosjektgruppa og Referansegruppa.

Skuleåret 2017 - 2018:

Felles fagdag onsdag 17.08.2017, Kreativ skriving i Norskfaget og GeoGebra.

Vidareføring av 10.klassane ved HVGS. Vidareføre fagseksjonar 8 - 13 og opprette fagseksjonar i matematikk, norsk og engelsk på 1. – 7. kl. (20.04.18 Bjordal skule ->). Utveksling av lærarkrefter.

Tettare samarbeid med prosjekt «betre tverrfagleg innsats» (BTI) og basisteam.

Felles kompetanse-hevande satsing innan Psykisk helse og «Lesson study».

Synergi med kommunalt fagnettverk for Høyangerskolen 1. – 13. og fagseksjonar 1. – 7. ved Høyanger skule.

09.01.2018: Møte Styringsgruppa, Prosjektgruppa og Referansegruppa.

Veke 14 2018: Oppstart Reodorgarasjen

Kommunikasjon mot eigarar, næringsliv (HNU), andre interessentar og internt 1. – 13.

Skuleåret 2018 - 2019:

Felles fagdag torsdag 16.08.2018 Høyangerskolen 1 - 13, Relasjonskompetanse/ Klasseleiing, ved Marit Onshuus Lysebo..

Vidareføring av 10.klassane ved HVGS.

Vidareføre fagseksjonar 8 - 13 og 1. – 7. kl.

Utvexling av lærarkrefter.

Tettare samarbeid med prosjekt «betre tverrfagleg innsats» (BTI) og basisteam.

Framdrift Reodorgarasjen.

Felles kompetanse-hevande satsing innan Psykisk helse og «Lesson study».

Synergi med kommunalt fagnettverk for Høyangerskolen 1 - 13 og fagseksjonar 1 - 7 ved Høyanger skule.

Kommunikasjon mot eigarar, næringsliv (HNU), andre interessentar og internt 1 - 13.

Etter vedtak av Sluttrapport Høyangerskolen 1 - 13 er tiltaka implementerte i vanleg drift i skulane og skal halde fram.

Rapportering

Rapportering til Oppvekstkontor undervegs.

Evaluering undervegs inkluderer også arbeidet i faggruppene, og det er viktig å synleggjere kvalitetssikring av fagleg arbeid i klasseromma og konkret utviklingarbeid i faggruppene.

Solveig Berstad Sande

Prosjektleder Høyangerskolen 1 - 13

Vedlegg:

Basisteam

Vert sende om etterspurd:

Rapport Udir 28.01.2016

09.01.2018 . Referat etter utvida møte for Prosjektgruppa, Styringsgruppa og Referansegruppa

Referat frå faggrupper 8 - 13 og 1 - 7 (lagra: Felles skule > Høyanger Felles > Høyangerskolen 1 - 13)

Vedlegg 1: BASISTEAM

Basisteam 1-13, Høyangerskulen

Faste medlemmer: rådgjevar Høyanger skule, Lavik skule, Bjordal skule og Høyanger vgs, helsesøster, PPT og rektorane frå Høyanger skule og Høyanger vgs. Frå skuleåret 2017/2018 har vi med miljøkoordinatorane frå begge skulane. I tillegg har vi invitert inn barnevern og NAV – ungdomskontakt.

Basisteamet vart etablert i september 2016, vi har hatt 3 møter skuleåret 2016-2017.

Målsetting:

Sams planar for tiltak og aktivitetar som fremjar gode læringsmiljø 1-13. Saker som har vore på dagsorden og som vi skal jobbe med:

- Overgangar
- Karriererettleiing
- Psykisk helse
- Skulevegring
- Tilpassa opplæring og alternative opplæringsarenaer

Vi ser dette som ein viktig arena der vi kan sjå heile skulemiljøet, og oppvekstmiljøet, og ha tidleg innsats der dette er eit behov. Vi må kunne vere merksame på dei som tidleg viser teikn til stort fråvær og legge til rette for alternative opplæringsarena for å unngå skulevegring/skulk som endar med dropout. Basisteamet skal ikkje behandle enkeltsaker, men i lag prøve å finne tiltak/løysingar for både skulen som heilheit og for den einskilde elev der målet er eit optimalt læringsmiljø.

Høyanger vgs ønskjer i tillegg eit sterkare fokus på opplæringsarenaer for ungdom vi veit treng VTA (varig tilrettelagte arbeidsplassar), og som blir eit kommunalt ansvar. Vi ønskjer meir målretta opplæring i den tida dei er i vg skule, NAV må difor inn tidleg i samarbeidet. Basisteamet blir ein viktig samarbeidsarena.

Vi tek ansvar for våre elevar og har fokus på forebyggjande fysisk og psykisk helse. Men skal vi få til tiltak som omhandlar heile oppvekstmiljøet forutset det at alle, også kommunale etatar utanom skule, tek ansvar for ein heilheitleg oppvekstplan og gjennomføring av denne. Dette er og viktig for å sikre god integrering av minoritetsspråkleg ungdom som har si norskopplæring på Høyanger vgs.

I desse dagar startar eit tverrfagleg samarbeid, BTI (betre tverrfagleg innsats), der er ikkje vidaregåande skule invitert inn og vi ser det som svært beklageleg.

Hovudmålsetting for skuleåret 2017-2018

1. Psykisk helse

Tiltak: Ved skulestart: Gjennomgang av ny §9a med:

- alle tilsette og sikre at alle som har sitt virke på skulen forstår handlingsplikta vi har.

Ansvar: rektor

- alle elevane første skuledag:

Ansvar rektor og kontaktlærarane

- til alle foreldre/føresette på foreldremøte.

Ansvar: rektor og kontaktlærarane

- legge link til forskrifta på heimesida og informere om dette til elevar og føresette

Ansvar: rektor, kontaktlærer og webansvarleg

- Lage gjennomgåande tiltaksplanar med ansvarsfordeling.

Døme: nettvett, VIP, bruke klassens time, opplæring i konfliktløsning

Ansvar: Rådgjevarane og miljøkoordinatorane i lag med rektorane

- miljøkoordinator på vgs skal vere synleg i kvardagen der elevane oppheld seg.

2. Tidleg fange opp og legge til rette for alternative opplæringsarenaer for å unngå dropout.

Tiltak:

- så fort ein ser stort fråvær reagere og tenkje alternative læringsarenaer.

Ansvar: lærarane, kontaktlærer og rådgjevar

- Felles miljøarbeid som og omhandlar fritid.

Ansvar: miljøkoordinatorane

Møteplan for skuleåret 2017/18 er fastsett med 4 møter.

Høyanger 28.09.17

Torill Thorbjørnsen, rektor Høyanger vgs